Ulstein kommune
Helsesøstertenesta

Barnevernstenestene i Hareid, Herøy og Sande

Saksnr	*Løpenr.*	*Sakshandsamar*	*Dato*
2007/1379	11925/2007	KM	12.12.2007

PMTO – terapi, for familiar med barn med adferdsforstyrringar.

Bakgrunn.
Kommunene Hareid, Ulstein , Herøy og Sande deltok i perioden 2004 – 2006 som pilotkommuner i det statleg finansiert Regionprosjektet.
Ved utgangen av prosjektperioden vart tiltaka i kommunene evaluerte, og kommunene sine styringsgrupper for førebyggjande tiltak ifht barn og unge skulle ta stilling til kva område ein skulle satse på framover.
Kommunene var samde i at ein ville satse på **førebyggjing av adferdsproblem.**
Det kom signal frå fleire etatar i kommunene om at adferdsvanskar er eit aukande problem, men det vart ikkje definert kva strategiar ein skulle bruke for å redusere problemet.

PMTO (Parental Management Training Oregon.)
Barn og unge med adferdsvanskar vert utsette for mange lidingar og representerer ei stor utfordring for foreldre, tilsette i barnehage og skule, for tilsette i helse- og sosialsektoren og for samfunnet elles.
Desse barna og familiane deira har lenge hatt eit mangelfullt tilbod, og PMTO er ei tilnærming som kan hjelpe både familie, barn og offentlige tenesteytarar til ein meir konstruktiv og endrande dialog.
PMTO er ein foreldre-orientert intervensjonsmetode til bruk i familier med barn mellom 3 og 12 år med uttalte eller byrjande adferdsvanskar.
Metoden kan brukast forebyggende og behandlande av tilsette i skular og SFO, barnehagar, helsestasjon, barnevernteneste og PPT.
Det er vist svært gode resultat på adferdsendring hjå barna, og også ei positiv virkning på foreldre sine psykiske vanskar.

PMTO- arbeidet er eit godt utgangspunkt for tverrfagleg samarbeid, og gir dei ulike avdelingane ein reiskap dei har sakna.
PPT melder at skulane slit, dei treng betre reiskap i høve adferdsproblem.
I dag er det 3-6 mnd ventetid for å bli vurdert av PPT i Hareid/ Ulstein.
Mange barn blir tilvist parallelt til fleire instansar, t.d. BUP; barnevern og PPT.

Postadresse: Bjørndalsvn. 10 6065 Ulsteinvik
Informasjonen: 70 01 75 00 postmottak@ulstein.kommune.no
Telefon (dir): 70 01 78 84 kristin.meli@ulstein.kommune.no
Telefax: 70 01 78 81 www.ulstein.kommune.no
Org. nr: NO 964 979 456
Bankgiro: 4137.07.10080

Mange av desse sakene kunne truleg vore unngått om foreldra hadde fått betre hjelp tidlegare.

Dei som dagleg arbeider med barn og unge, ser no kor nyttig PMTO- kompetansen er for dei familiane som strevar med adferdsproblematikk og kompetansen skal nå vidareførast til andre som arbeider med førebyggjing.

PMTO i Ulstein kommune.
I november 2005 fekk Ulstein tilbod om opplæring for tilsette i kommunen til å bli PMTO-terapeutar. To barnevernspedagoger tok utdanninga og ble sertifisert våren 2007.
Opplæringa var i regi av Barne- og familiedepartementet.
Det er ikkje planlagt ny utdanning i Møre og Romsdal dei neste åra.
PMTO-terapeutane i Ulstein startar etter all sannsynlighet opp tilbodet om behandling i august 2008.

Interkommunalt tilbod.
Ulstein ser at PMTO-behandling med fordel kan være eit interkommunalt tilbud på Ytre Søre Sunmøre og er interessert i å dimensjonere mengden på tilbudet etter behovet.

Det vil nå vere interessant å vite om barneverntenesta i Dykkar kommune ser det som aktuelt å kjøpe PMTO- tenester frå Ulstein kommune.

Dette må sjåast på som ein førespurnad frå vår side, og ikkje som noko ein forpliktar seg til. Men med tanke på reiseavstandar og ikkje minst den lange ventetida hos BUP i Volda/Ålesund for å få dette tilbodet der.

Har dykk spørsmål, kontakt oss gjerne.
Tilbakemelding innan utgangen av januar 2008,
tlf 70017880 eller email: kristin.meli@ulstein.kommune.no

Med helsing

Kristin Meli
helsesøster

Kopi:
Styringsgruppa for interkommunalt forebyggende arbeid

Postadresse:	Informasjonen:	70 01 75 00	postmottak@ulstein.kommune.no	Org. nr:	NO 964 979 456
	Telefon (dir):	70 01 78 84	kristin.meli@ulstein.kommune.no	Bankgiro:	4137.07.10080
	Telefax:	70 01 78 81	www.ulstein.kommune.no		